

Kyrkjelydsblad  
for  
Arna

NR. 6

DESEMBER 2005

38.ÅRG.



God jul!

# Gud har fått ny adresse

"Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede", seier engelen den natta då Jesus vart fødd (Luk 2,10). Dei orda er sanne. Julenatt er vendepunktet i tida, høgdepunktet for kjærleiken, utgangspunktet for frelsa og midtpunktet for tilbedinga.

Det har tatt tid for meg å sjå det slik. Som prest har eg bora og bora i juleevangeliet, eg skal jo seie noko nytt om den gamle bodskapen kvar einaste jul. Men det har skjedd med meg som med mange andre: På vegen inn i tekstene vart merksemda fanga av det ytre: Det vakre ved at det handlar om eit barn. Det sørgjelege ved at der var så lite gjestmildskap på jorda. Maria som var fortvila og gjetarane som var forskrekka. Vi må lengre inn i bodskapen. Lengre inn og djupare ned.

Jesu fødsel markerer **vendepunktet i tida**. Gud har meldt flytting og skifta adresse. Han har flytta inn i gatene våre, heimane våre og i dei risikofylte livsprosjekta våre. No er det "før og etter Kristus".

Og det har han gjort utan nokon som helst garanti for å verte tatt imot. Julenatt er **høgdepunktet for**

**kjærleiken**. Gud tok på seg menneskekekkropp, endå han visste at det ville koste han dyrt. Med evig kjærleik har han elska oss (Jer 31,3). No orka han ikkje vente på oss lenger.

Julenatt er **utgangspunktet for frelsa**. Det er klart at det måtte kome eit framhald. Den store frelseshendinga fann stad då han døyde for oss på krossen. Men utgangspunktet er hendinga julenatt, då Gud vart menneske. Vi fekk ein bror som kunne ta over på våre vegner i møte med synda og dauden og Satan si makt.

Derfor vert julenatt **midtpunktet for tilbedinga**. Guds grenseoverskridande handling er så vidunderleg og merkeleg at den eigentleg berre kan møtast sakssvarande i tilbedinga. Vi leiter etter ord og formar dei i lov-song. Vi lengtar etter svaret og finn det i stilla. Saman med englane i himmelen seier vi:

"All lov og pris og visdom, takk og ære, makt og velde høyrer vår Gud til i all æve."  
(Op 7,12).

Ole D. Hagesæther

## Frå arbeidet i Indre Arna Bedehus

Indre Arna Indremisjon vart stifta 3. des. 1925, og kan såleis sjå attende på virksomhet i 80 år. Den første tida vart møtene haldne i Ljoshall, Indre Arna skule, Bergens guttehem, Kyrkja og kring i heimane. Frå 1950 hadde ein møtene i Borgstova.

I 1967 byrja arbeidet med å byggja bedehuset. Mykje av arbeidet vart gjort på dugnad.

I 1974 vart bedehuset teke i bruk, men det var ikkje heilt ferdig på denne tid.

Huset vart vigsla 14.nov. 1976.

I første høgda driv Arna kyrkjelyd barnehage.

Etter at bedehuset vart teke i bruk, har dette vore samlingsstad for born, unge og eldre.

For tida er måndagane borna sin dag. "Barnerøster" og "Jonasklubben" har sine samlingar då. Dessutan er dette også musikklaget sin øvingskveld.

Ein torsdag for månaden er det ettermiddagstreff. Dei andre torsdagane samlast ein til samtale og bøn.

Dei fleste søndagane er det kveldsmøter.

Bedehuset vert også nytta av andre lag og organisasjonar til møter, basar og festar.

## Hjelp til å leva med sorg

### SORGRUPPE I ARNA

I februar startar vi på nytt med sorggruppe i Arna. Dette er eit tilbod til deg som opplever sorg etter å ha misst eit menneske som stod deg nær, og som ynskjer å møta andre som er i same situasjon. I ei sorggruppe deler ein erfaringar med kvarandre, og lærer av kvarandre korleis ein kan leva med sorga. Sorg som vert teken på alvor, kan verta til ein ressurs for livet vidare.

Ei sorggruppe har mellom 5 og 7 deltakarar i tillegg til 2 leiarar. Deltakarane vil fylgja kvarandre over 10 kveldar, med oml. 2 veker mellom kvar samling. Ein vil vera innom ulike tema: Korleis ein vanlegvis opplever sorg/ krise; Born og ungdom i sorg; Er sorg "godt"?; Korleis vera medmenneske når vi møter menneske i sorg?; Tru og tvil - og endå meir.

Vi tilrår vanlegvis at ein let det gå minst 3 månader frå dødsfallet til ein begynner i ei sorggruppe; det kan gjerne gå meir enn eit halvt år. For informasjon og påmelding, ta kontakt med kyrkjekontoret, tlf 55 36 22 70. Familier som har mist nokon av sine i tidsrommet april til september 2005, vil få særskilt invitasjon.

JKJ



Ytre Arna:

## Mot ei løysing i orgelsaka

Vi er både glade og letta over å kunne komme med denne gladmeldinga no til jul.

Vi har tidlegare skrive at etter avslaget på søknaden om å få bruke midlar frå Alf Bondes utdanningsfond til nytt orgel i Ytre Arna kyrkje, måtte sokneråd og orgelkomité vurdere å legge bort det opprinnelege orgelprosjektet. Ein hadde då hatt som mål å samle inn til eit nytt 12 stemmers pipeorgel frå Torkildsens orgelbyggeri i Trøndelag med ei kostnadsramme på godt og vel 2 millionar kroner. Vi valde å sjå etter andre løysingar, og ei av dei mogelege løysingane var innkjøp av eit digitalt orgel.

Digitale orgel er rimelegare i innkjøp, krev mindre vedlikehald, er mindre sårbare med tanke på klima og temperatur, og blir ikkje ustemt. Dei fleste hevdar i dag at teknologien er komen så langt, at sjølv eit tre-na øyre kan ha vanskeleg for å seie om det blir spelt på eit digitalt orgel eller eit vanleg pipeorgel.

På oppmoding frå kyrkjevevja sin administrasjon i Bergen har organist og ein representant frå orgelkomitéen vore i Drangedal for å prøve ut ein modell av eit digitalt Johannus orgel som kunne vere

aktuell for Ytre Arna. Tilbakemeldingane deira er svært positive. Det dreier altså om eit orgel med 44 stemmer (mot dei 12 som var i pipeorgelprosjektet) og med tre manualar. Orgelkomitéen går inn for innkjøp av dette orgelet.

Soknerådet vedtok difor i sitt møte den 16. november (og i samråd med påtropsande sokneråd) å gå inn for innkjøp av eit nytt digitalt orgel, og stiller seg også positive til den føreslegne modellen frå Johannus fabrikk i Nederland. Det er Bergen kyrkjelege fellesråd som no vil ta saka vidare og hente inn nødvendige godkjenningar og føreta innkjøp og installering. Det nye orgelet vil venteleg vere på plass i kyrkja på føresommaren 2006. Det vil slik finnest tre større digitale orgel i Bergen: Eit amerikansk Allen orgel i Loddefjord kyrkje, eit engelsk Copeman Hart orgel i Grieghallen og eit nederlandsk Johannus orgel i Ytre Arna kyrkje.

Digitale orgel er mykje rimelegare enn pipeorgel i innkjøp, og det er faktisk slik at kyrkjevevja i Bergen sine løyvingar åleine vil dekke innkjøpet av eit dette orgelet. Det

betyr at vi må omdisponere våre innsamla midlar. Orgelkomitéen si innstilling til soknerådet er at ein går til innkjøp av eit konsertflygel. Komitéen meiner at dette er så nært ein kan komme intensjonen i innsamlingsarbeidet: Eit flygel vil på linje med eit godt orgel gje eit løft for kyrkjemusikken i Ytre Arna. Eit flygel er eit akustisk og mektig instrument som har noko monumentalt over seg. Det vil vere ein rikdom i gudstenelevet og kyrkjelege handlingar der musikken i dag er meir og meir variert. (Orgelet har ikkje lenger monopol korkje i gudstener, vigslar eller gravferder.) Eit flygel er også eit konsertinstrument på lik linje med eit orgel, og vil vere til glede for eit rike kor- og musikklivet i Ytre Arna.

Det sittande soknerådet har ikkje teke stilling til dette forslaget. Det blir det nye soknerådet som over nyttår vil ta ei avgjerd i spørsmålet om omdisponering av midlane etter først å ha teke saka opp på soknemøte 8 januar etter gudsteneesta. Men det er ein spanande tanke: Etter å ha arbeidd i mange år for eitt nytt instrument i kyrkja, kan vi få to flotte instrument som kan vere til glede og velsigning for heile Ytre Arna.

Alise Bjørnstad,  
fung. leiar i soknerådet  
Benthe Vevle Birkeland,  
dagleg leiar  
Arne Mulen,  
kapellan

## Christopher Briggs sluttar som kantor i Arna



Dei fleste har sannsynlegvis fått med seg at Christopher Briggs sluttar som kantor i Arna – etter 7 år, og begynner i ei tilsvarande stilling i Larvik. Den siste gudsteneesta han gjer teneste ved, er 2. juledag i Arna kyrkje. Etter sjølve gudsteneesta markerer vi det heile med ein "one o'clock tea" på kyrkjelydshuset. Der vil det bli eit musikalsk program. Vi vonar at riktig mange finn høve til å møte fram.

Christopher har på ein særleg måte sett det store spørsmålet på dagsordenen: *Kvifor* skal vi syngja i kyrkja? (Ikkje: *Kva* skal vi syngja?, eller *korleis* skal vi syngja?) Dette er eit spørsmål vi ikkje så lett kan gjera oss ferdige med, men som vi må arbeida vidare med under ny kantor. Christopher sitt svar på spørsmålet er: Vi skal syngja for å tilbe Gud. Og Christopher har mang ein gong klart å "lyfta" songen, og hjelpt oss til nettopp å tilbe.

Vi takkar for det han har gitt oss, og ynskjer Guds signing over tenesta i Larvik.

JKJ

# Julekonsert

i Ytre Arna Kirke, 11.12.2005 kl. 17.00

Godde tradisjoner er det ikke vanskelig å videreføre i Ytre-Arna, som er en liten bygd med et uvanlig rikt og mangfoldig organisasjonsliv. Nå kan du være med å oppleve den tradisjonelle julekonserten i Ytre-Arna Kirke 3. søndag i advent, hvor kor og orkestre presenterer seg. Dette er en konsert hvor du får gjenhør med Ytre-Arna Barnegospel, Arna Skulemusikklag, Arna/Ytre-Arna Kyrkjekor, Koret På Sporet, Arne Sangforening, og Arne Musikforening (som også er arrangør i år). Nytt av året er at også Haugland Skulekorps vil være med oss, noe som vi gleder oss til.



## JULETFEST

PÅ BEDEHUSET I YTRE ARNA  
ONSDAG 28. DESEMBER  
KLOKKA 18.00.

Små og store er hjertelig  
velkommen til fest.

Program:

Julespill, andakt,  
god mat,  
sang og juletrengang.

Pris: 20 kroner per person.

Arr: Sønddagsskolen.

Prest Arne Mulen vil holde andakt, og konferansier er Sigmund Olsnes. Her ønsker vi "å puste på ei stund." som det heter i Alf Prøysens "Julekveldsviser", med musikk og korsang av kjente verk, og et par litt mindre kjente julesanger og kirkemusikk. Dette er en konsert hvor vi også inviterer til allsang, og vi håper at ved sang og musikk kan vi ivareta gleden, forventning og begeistring som vi trenger i travel hverdag.

Vi ønsker alle hjertelig velkommen til  
Ytre-Arna Kirke søndag 11. desember  
kl. 17.00.

## Skulegudstenester

Det er ein god og innarbeidd tradisjon at skulane møter opp i kyrkja til skulegudsteneste like før jul. Slik er det dette året òg. Skulegudstenesta er planlagt i samarbeid med skulen, og elevane tar på ein særleg måte del i gudstenesta. Fleire skular har valt å ha påskegudsteneste i staden for julegudsteneste. Skulane som skal ha gudsteneste no før jul er:

- 14.12 kl 18.00:** Trengereid skule,  
lysmesse (i Trengereid  
bedehusapell)  
**20.12 kl 09.30:** Lone skule (i Arna kyrkje),  
**21.12 kl 09.00:** Garnes skule  
(i Arna kyrkje)  
**21.12 kl 11.15:** Haugland skule  
(i Ytre Arna kyrkje)  
**22.12 kl 08.00:** Garnes ungdomsskule I  
(i Arna kyrkje)  
**22.12 kl 09.15:** Garnes ungdomsskule II  
(i Arna kyrkje)

Dette er opne gudstenester, og alle er  
hjarteleg velkomne til å vera med og delta.

## Gåve til ungdomsarbeidet i Ytre Arna

Også dette året er vi så heldige å ha ein eittåring i kyrkjelyden, Arne Vesetvik. Han brukar det meste av tida på ungdomsarbeid: Ungdoms-Alpha, Friluftsguppe, Ten-klubb, Koret på Sporet og KRIK. I tillegg hjelper han til på kyrkje-kontoret og deltek i kyrkjelyden si norskdervising på Asylmottaket.

Sjolv om ein eittåring ikkje får vanleg løn, så har kyrkjelyden ein god del kostnader i samband med eittåringstenesta. Difor er vi så frimodige at vi ber folket i Ytre Arna om ei gåve til dette viktige arbeidet. Bruk giroen som ligg ved kyrkjelydsbladet.

## KYRKJESKYSS



Våren 2006

### ARNATVEIT / INDRE ARNA / YTRE-ARNA-VEGEN

01.01.06	Jostein Monstad	55 24 32 20
08.01.06	Odd Kjos	55 24 17 82
15.01.06	Erling Osland	55 24 09 34
22.01.06	Jostein Monstad	55 24 32 20
29.01.06	Odd Kjos	55 24 17 82
05.02.06	Erling Osland	55 24 09 34
12.02.06	Jostein Monstad	55 24 32 20
19.02.06	Odd Kjos	55 24 17 82
26.02.06	Erling Osland	55 24 09 34
05.03.06	Jostein Monstad	55 24 32 20
12.03.06	Odd Kjos	55 24 17 82
19.03.06	Erling Osland	55 24 09 34
26.03.06	Jostein Monstad	55 24 32 20
02.04.06	Odd Kjos	55 24 17 82
09.04.06	Erling Osland	55 24 09 34
16.04.06	Jostein Monstad	55 24 32 20
23.04.06	Odd Kjos	55 24 17 82
30.04.06	Erling Osland	55 24 09 34
07.05.06	Jostein Monstad	55 24 32 20


### HAUKELAND

01.01.06	Sverre Myklebust	55 24 29 05
08.01.06	Ingrid Hope	55 95 01 11
15.01.06	Gerd Borge	55 24 17 44
22.01.06	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
29.01.06	Sverre Myklebust	55 24 29 05

05.02.06	Ingrid Hope	55 95 01 11
12.02.06	Gerd Borge	55 24 17 44
19.02.06	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
26.02.06	Sverre Myklebust	55 24 29 05
05.03.06	Ingrid Hope	55 95 01 11
12.03.06	Gerd Borge	55 24 17 44
19.03.06	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
26.03.06	Sverre Myklebust	55 24 29 05
02.04.06	Ingrid Hope	55 95 01 11
09.04.06	Gerd Borge	55 24 17 44
16.04.06	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
23.04.06	Sverre Myklebust	55 24 29 05
30.04.06	Ingrid Hope	55 95 01 11
07.05.06	Gerd Borge	55 24 17 44

### TUNES / GARNES

01.01.06	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
08.01.06	Kari Claussen	55 24 12 20
15.01.06	Malvin Klementsens	55 24 29 56
22.01.06	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
29.01.06	Leidulf Almennings	55 24 25 52
05.02.06	Kari Claussen	55 24 12 20
12.02.06	Malvin Klementsens	55 24 29 56
19.02.06	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
26.02.06	Leidulf Almennings	55 24 25 52
05.03.06	Kari Claussen	55 24 12 20
12.03.06	Malvin Klementsens	55 24 29 56
19.03.06	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
26.03.06	Leidulf Almennings	55 24 25 52
02.04.06	Kari Claussen	55 24 12 20
09.04.06	Malvin Klementsens	55 24 29 56
16.04.06	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
23.04.06	Leidulf Almennings	55 24 25 52
30.04.06	Kari Claussen	55 24 12 20
07.05.06	Malvin Klementsens	55 24 29 56



# Julespill

*"Kom mine sangere still dere sammen..."*

*"Come gather 'round me my merry choir..."*

slik lyder det på alle verdens språk og på alle verdens kanter i disse dager, når det gamle tradisjonsrike Oberufer julespillet blir øvet og fremført. Det spilles i Camphill landsbyer og bofellesskap, på Steinerskoler og i Kristensamfunnet fra Norge til Botswana, fra Japan til Peru.

**D**et er jule evangeliet slik evangelisten Lukas forteller historien om engelen Gabriel som viser seg for den unge Maria og forkynner at hun skal føde en sønn og kalle ham Jesus som "skal være herre over sitt folk til evig tid". Det er historien om Josef og Marias reise til Betlehem og om hyrdene på marken som til sin store forundring vekkes av sang fra en engleskare og som vandrer over de kalde mørke markene søkende etter barnet som skulle bli verdens lys.

Hyrdespillet er et av tre tradisjonelle middelalderskuespill, alle basert på (bygger på) bibelens ord (bibelhistorien). Skuespillene er kjent så langt tilbake som

1100 tallet og ble oppført av befolkningen på den lille øyen Oberufer som ligger i elven Donau, mellom landene som nå kalles Østerrike og Ungarn. Spillene ble først regnet for kirkespill, men spredte seg snart til folket på landsbygden og i byene. Der ble de oppført på det lokale vertshus eller på byens torg etter at spillerne hadde marsjert på veier og gater og samlet sitt publikum med mye sang og moro. Rollene i spillet gikk i arv fra far til sønn gjennom generasjoner og skuespillet var en sentral begivenhet i julefeiringen. (På denne tiden var bibelen som vi vet ikke oversatt til folks hverdagspråk og bare de lærde kunne lese latin, derved ble de religiøse spillene vikti-



ge formidlere av bibelens historier og budskap.)

Paradis spillet blir tradisjonelt oppført noen dager før eller sammen med hyrdespillet. Her fortelles historien om Adam og Eva som fordrives fra Paradis etter å ha blitt fristet av slangen til å spise av kunnskapens tre. Liksom barnet som en gang må forlate barndommens drøm og vandre ut i voksenlivet, fordrives Adam og Eva ut i en verden hvor " barn fødes i smerte, jorden er forbannet og i ditt ansikts sved skal du ete ditt brød.." Siden har menneskeheten vandret gjennom århundrer årtusener mellom håp og tvil i en verden av endeløse valg. (Kanskje søker vi fremdeles etter veien tilbake til Paradis, eller veien frem – til et nytt og ennå ukjent sted).

Triologiens siste er Tre Kongers spillet som ofte oppføres 6. Januar en dag som i noen land kalles "De tre kongenes dag". Dette er historien om Jesu fødsel slik den beskrives i Matteus evangeliet. Tre vise menn fra Østen med meget kunnskap om astronomi så i stjernehimmelen et tegn på jødernes konge var født. De følger den lysende stjernen som leder dem til stallen i Betlehem. En engel viser seg for Josef og byder ham flykte med Maria og barnet, helt til Egyptens land for å unnsnippe kong Herodes som i sin forferdelige sjalusi og herskesyke planlegger og drepe alle barn under to år for dermed og sikre utsettelsen av den nyfødte kongenes konge.


Hvert år fødes Jesusbarnet på ny. Hvert år vandrer vi gjennom adventstiden, trette bekymret, lengtende - men også full av håp

og forventning. Som hyrdene og kongene undrer vi oss, hva kan jeg bidra med, hvilke gaver bringer jeg til barnet, til verden, til mine medmennesker? Hyrdene gav fra sine varme hjerter. Kongene gav av sin visdom. Kanskje er vi alle hyrder og konger. Vi lengter etter at barnet skal fødes igjen, både på jorden og i menneskenes hjerter, mens solen snur og dagene blir langsomt lysere og lengre. Kanskje prøver vi og i denne juletid og huske at liksom Jesusbarnet måtte fødes i en stall så finnes fremdeles tusenvis på tusenvis av mennesker over hele jorden som ikke finner ly og trygghet – verken herberge eller stall.

Tirsdag 13.12. kl 18.00 kimer kirkeklokkene i Indre Arna. Du vil da få anledning til å oppleve spillet tolket av beboere og medarbeidere fra Rostadheimen og Verdandi. Som vanlig er det fri entre, men det blir holdt kollekt til et godt formål.

Vi ønsker dere hjertelig velkommen.

*For Rostadheimen  
Elisabeth Ameln*



# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døyppte

### Arna sokn

- 24.10. EMMA KRISTENSEN UPTON  
14.11. EINAR KOKSVIK DJURSVOLL  
14.11. EDVARD KOKSVIK DJURSVOLL  
14.11. THEA MELSTVEDT FOSSE  
14.11. MARTINE MELSTVEDT FOSSE  
14.11. TALLAK MO REIERSEN

### Ytre-Arna sokn

- 24.10. MATHILDE NINETTE  
LID-HAUGLAND  
07.11. MIE HELEN ARNESEN  
21.11. TRULS RISHOLM HELDAL

## † Døde

### Arna sokn

- 08.10. ARNE SKULSTAD  
29.10. OLAV J SOLBERG  
05.11. ØRNULF STENBERG

### Ytre-Arna sokn

- 28.10. ANNA LIEN  
11.11. KJELL ROLLAND

### Vi takka for gåva

på kr 11626,50 til orgelfondet i Ytre Arna kyrkje, som vart samla inn ved Kjell Rollands gravferd.

## Offer

### Takvam kapell

- 29.07. Sunnivastiftelsen 3000,00 kr  
11.09. Bg søndagskule 950,00 kr  
06.11. Kapellet 3100,00 kr

### Ytre Arna kyrkje

- 23.10. NLA 3032,00 kr  
06.11. Diakoniutvalget 2917,50 kr  
20.11. IKO 1260,00 kr

### Arna kyrkje

- 23.10. Kyrkjelyds-arb. 2902,00 kr  
30.10. Misjonshøgskolen 4158,00 kr  
06.11. Kyrkjelyds-arb 6197,00 kr  
13.11. kyrkjelyds barneh. 2631,50 kr  
20.11. Sjelesorgsenter. 4  
Haraldsp. 3692,00 kr

## YTRE ARNA KYRKJELYDSHUS

Nøkler til kyrkjelydshuset i Ytre Arna må leverast på Arna kyrkjekontor. Dette for å få eit system på kven som har nøkler til kva???

Har du bruk for å ha ein nøkkel til kyrkjelydshuset, ring inn nr. på nøkkel din.  
Tel: 55 36 22 70

Benthe

## Frå 1. januar 2006

vert det ei lita omlegging i tenestene frå Arna kyrkjekontor. Arna og Ytre Arna kyrkjekontor har same telefon nr. som tidlegare.

Dei tilsette har same adr. tel. og mail som tidlegare.

Benthe Vevle Birkeland vert menighetskonsulent frå 1 januar. (Telefonnr.55597165) Det kan verta endringar i åpningstida ved kontoret i kyrkjelydshuset. Sjå oppslag

Bvb

## Julefest

for alle i Ytre Arna Bedehus  
7 januar 2006 kl 18:00

Variert program.



## Kyrkjelyden syng jula inn!

Arna kyrkje  
torsdag 15 desember. Kl 20:00.

Andakt ved kapellan *Arne Mulen*  
Ytre Arna og Arna kyrkjekor.  
Arna ten-sing Keryx.  
Arna kyrkjes manns gruppe.  
Audun Møllerup Boge- klarinett  
Kantor Christopher Briggs - orgel

## Stoff til kyrkjelydsbladet

Neste nummer av bladet kjem 15. febr.  
Frist for innlevering av stoff er 1. febr.

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Jan Kåre Jakobsen**  
Ådnav. 15, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 06 86

**Kapellan Arne Mulen**  
Gamlevegen 8 - 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 25 73 92

**Organist Arna**  
Kantor Christopher David Briggs  
Pb 161 Indre Arna  
5888 Bergen  
Tlf. 55 24 40 55

**Dagleg leiar**  
Benthe Vevle Birkeland  
Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

**Kateket**  
Erik Rodal  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kateket**  
Mia Krüger  
Neset 49, 5267 Espeland  
Tlf. 98 81 08 75

**Sekretærer**  
Siren Birkeland  
Mia Krüger

**Ungdomsarbeidar**  
Jarle Myksvoll  
97 77 61 10

**Ungdomsarbeidar Arna**  
Margreta Straume  
Tlf. 99 03 66 84

**Ungdomsarbeidar**  
Hilde Grøteide  
Tlf 976 61 205

**Eitt-åring i Ytre Arna**  
Arne Vesetvik  
tlf. 90 95 33 76

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

**Redaktøransvar dette nummer:** Tove Margrete Nordmark.

**Redaksjonsnemnd:** Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

**Bladpengar:** Kr. 100,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 7877 06 96991.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

## ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: [arna.menighet@bkf.no](mailto:arna.menighet@bkf.no)  
Tlf. 55 36 22 70. Fax. 55 36 22 79. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydshuset, Indre Arna.  
Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

**Soknerådsleiar Ytre Arna:** Jan Skorpen, tlf. 55 24 89 72  
**Soknerådsleiar Arna:** Trond Kleiveland, tlf. 55 53 15 93

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.



Spentig på vesle julaften



## KAMMERKORET syng jula inn kl 22.00

Er det sant at Kammerkoret inviterer oss til å vera med og syngja jula inn i Arna kyrkje seint på vesle julaften kveld? Det er dirigenten for Arna Kyrkjens Kammerkor, Trine Daviknes, som får spørsmålet.

**J**a visst er det sant, og du lurar sikkert på korleis vi har funne på noko slikt. Det er ein ide eg har frå den gongen eg dirigerte Bergen Mannskor i Åsane. Der var det jo berre mannfolk, og ingen av dei syntest at tidspunktet var noko problem! Riktig nok var det enkelte som etter kvart fekk litt problem på heimebane, men det roa seg snart. Og oppslutninga var formidabel; etter kvart blei Åsane Gamle Kirke for lita.

Dette er jo fyrste gong vi gjer noko slikt i Arna, og sjølvsagt er vi spenta. Men eg tenkjer som så, at seint på vesle julaften,

så seint at dei fleste stort sett har fått situasjonen under kontroll, då er det verkeleg tid for å syngja jula inn. Då er det tid for å leggja frå seg slit og strev.

Det blir ikkje ein heilt vanleg "julekonsert"; det vil bli mykje allsong. Så får vi fleire musikalske gjester, både vokale og instrumentale. Vi tenner faklar og mange levande lys, og ynskjer å skapa ei god og varm stemning. Det er gratis inngang, og kollekten som blir samla inn ved utgangen går til Mission Care Center i Sør-Afrika.

JKJ

Familien Skutlaberg fotografert utenfor huset sitt på Espeland i Arna  
Foran fra venstre: Erlend (7), Sondre (4) og Eirik (9)  
Bak fra venstre: Reidun Lauvås Skutlaberg (37), Harald (1) og Trond Skutlaberg (36).  
(Foto: Audun Stølås)



## Takk for forbønn

- Når vi er ute som misjonærer er vi helt avhengige av forbønn fra menigheten hjemme. Uten den kunne vi bare reist hjem igjen, sier Trond Skutlaberg. Han ønsker å takke menigheten for forbønn.

**H**an og familien kom i sommer hjem til Arna etter to år i Kenya. I en tidligere periode var familien Skutlaberg tre år i det østafrikanske landet. Familien Skutlaberg har stått på bønneordenen som misjonsutvalget i Arna menighet har laget. Gjennom denne folderen blir menigheten oppfordret til forbønn for misjonærene som er utsendt fra Arna.  
- Vi merker veldig godt at det er noen hjemme som ber for oss, sier Trond Skutlaberg. Det er noe vi merker på måten vi fungerer på i jobben. Vi får kjenne at vi er under Guds beskyttelse. Særlig merker vi dette når vi er i nærheten av å bli utsatt for ulykker og ran. Vi

har aldri vært utsatt for noe av dette. Men når det gjelder trafikkulykker og kriminalitet har dette en hyppighet i Kenya som er mye større enn hjemme i Norge, sier Trond Skutlaberg.

Han er fra Norheimsund og kona Reidun er fra Lindås. I mange år har de bodd på Espeland i Arna. Begge er lærere og i Kenya har de vært lærere for barna på Den norske skolen i Nairobi. Skolen blir drevet av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Nå er planen å være hjemme i Arna. I hvert fall har de ikke konkrete planer om å reise ut igjen. Men dette kan jo muligens endre seg om noen år, sier Trond Skutlaberg.

Audun Stølås

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

*Kåre Bj. Hopes eftf.*

**Døgnvakt tlf. 55 24 08 08**

Står til teneste med alt ved dødsfall  
i Arna, Osterøy og omegn.



**SAMDALS 55 90 19 80 hele døgnet**

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

*Kommer også hjem for samtale.*

J. Teigland – M. Hamre

**as Sarepta Blomster**

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget*

**Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ**

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
**55 32 55 50**

*Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris*

**FØRERKORT KL. B**

– Fornøyde kunder  
– Trygge sjåførere

**Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33**



**VAKSDAL BLOMSTER  
OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

*Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
Kransar, oppsatsar og bærebukettar fritt  
levert til  
Gravferda. Vi leverer og gravmonument.  
Tlf. 56597470- mob.91179766  
Einar Mjelde  
Tlf. privat 56597443*

*Frøydís*  
**SALONGEN**

Garnesv. 108, 5234 Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet  
10 % for pensjonister alle dager.



**Kranser, buketter,  
opsatsar**

**TLF. 55 24 08 09**

*Espeland Gartneri*

Arthur Hope

Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

**Din lokale  
storbank  
i Arna!**

**Nordea**

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

**I MIN FORRETNING**

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland A.S*  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

**Solberg Elektro**

**AUT. ELEKTROINSTALLATØR**

Vi utfører elektroinstallasjon i bolig,  
industri og service.

Gratis befaring, god service

**Telefon: 41809620**



# Velkommen til kyrkje

**Lørdag 24.12.2005**

JULAFTAN

**ARNA KYRKJE. kl. 13:00**

ARNE MULEN Takkoffer til Arna kyrkjelyd/diakoni. Lone skulekorps. Betania Barnekor

**ARNA KYRKJE. kl. 14:30**

JAN KÅRE JAKOBSEN Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Garnes skulekorps. Barnerøster

**TAKVAM KAPELL. kl. 14:30**

OLAV VIKSE

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 15:00**

ARNE MULEN Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Arna Skulemusikklag

**ARNA KYRKJE. kl. 16:00**

JAN KÅRE JAKOBSEN Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Indre Arna skulemusikkorps

**TRENGEREID KAPELL. kl. 16:00**

OLAV VIKSE

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 16:15**

ARNE MULEN Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Barnegospel

**ARNA KYRKJE. kl. 23:00**

JAN KÅRE JAKOBSEN Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**Søndag 25.12.2005**

JULEDAG

**ARNA KYRKJE. kl. 12:00**

ARNE MULEN Dåp Takkoffer til Normisjon/ Bangladesh.

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 12:00**

JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap. Koret på sporet

**Mandag 26.12.2005**

2. JULEDAG

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

OLAV VIKSE, JAN KÅRE JAKOBSEN, OG ARNE MULEN. Nattverd. Avskil med Christopher Briggs

**Lørdag 31.12.2005**

NYÅRSAFTAN

**ARNA KYRKJE. kl. 23:15**

JAN KÅRE JAKOBSEN Midnattsgudsteneste

**Søndag 01.01.2006**

NYÅRSDAG

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd

**Søndag 08.01.2006**

KRISTI OPENBERRINGSDAG

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd, Misjonssundag

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

ARNE MULEN Soknemøte

**Søndag 15.01.2006**

1. SUNDAG ETTER

KRISTI OPENBERRING

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

ARNE MULEN Dåp

**Søndag 22.01.2006**

2. SUNDAG ETTER

KRISTI OPENBERRING

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

ARNE MULEN

**Søndag 29.01.2006**

3. SUNDAG ETTER

KRISTI OPENBERRING

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

OLAV VIKSE Dåp

**TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00**

JAN KÅRE JAKOBSEN

**Søndag 05.02.2006**

VINGARDSSUNDAGEN

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

ARNE MULEN Temagudsteneste: Bli mindre for å bli større

**Søndag 12.02.2006**

SÅMANNSSUNDAGEN

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

JAN KÅRE JAKOBSEN

Dåp. Felles bibeldag om kvelden

**Bibeldagen 12. februar.**

Felles bibeldagssamlinger om kvelden både i Arna og Ytre Arna